

# Kommunal plan for overgang barnehage - skule Hemsedal

2015-2018



## Innhald

Innleiing med lokale og sentrale føringar .....	3
Målet med kommunal plan for overgang barnehage til skule .....	5
Pedagogisk grunnsyn.....	5
Pedagogisk arbeid .....	6
Sosial utvikling.....	6
Godt språkmiljø og god språkutvikling.....	7
Overgang frå barnehage til skule .....	7
Føringar for barn og unge med behov for spesialpedagogisk hjelp eller spesialundervisning ..	8
Barn som flytter til kommunen .....	8
Fleispråklege .....	9
Utsett og tidlegare skulestart .....	9
Overordna årskalender .....	10
Vedlegg .....	11

## Innleiing med lokale og sentrale føringar

Kommunal plan for overgang barnehage og skule er ein lokal plan som er politisk vedteken og gjeld for barnehagar og skular i kommunen. Den skal sikre alle barn i Hemsedal kommune får ein god og trygg overgang mellom barnehage til skule og tryggje føresette i at deira barn får utvikle seg vidare i samsvar med barnet sine føresetnader.

Den skal sikre at tilsette rettar seg etter dei pedagogiske føringar som planen gir.

Den kommunale planen er underordna sentrale lover, forskrifter, sentrale føringar og planverk.

### *Evaluering og revidering*

Plan for overgang barnehage-skule skal evaluerast og reviderast kvart fjerde år. Den skal handsamast i Samarbeidsutvalet. Dette er ein del av etaten sitt kvalitetssystem.

Planen kan justerast og reviderast ut frå sentrale og lokale føringar.

Gjeldande plan vert sett i verk 01.01.2015

### *NOU-Overgangen fra barnehage til skole*

Utvalget viser til at både barnehagar og skular har eit felles ansvar for at barn får oppleve ein god overgang frå barnehage til skule. Dette ansvaret er nedfelt i rammeplanen og i prinsipp for opplæringa (Læringsplakaten).

Rammeplanen kapittel 5.1 slår fast at barnehagen i samarbeid med skulen, skal legge til rette for overgangen frå barnehage til første trinn og eventuelt skulefritidsordning. Dette skal skje i nært samarbeid med heimen til barnet, og planar for overgangen skal vera nedfelt i årsplanen til barnehagen.

### *Rammeplanen*

Barnehagen skal, i samarbeid med skulen, leggja til rette for overgang frå barnehage til 1.klasse og eventuelt SFO.

Det må leggjast til rette for at barn kan ta avskjed med barnehagen på ein god måte, gleda seg til å begynna på skulen og oppleva at det er ein samanheng mellom barnehage og skule.

### *Kunnskapsløftet*

I prinsipp for opplæringa (Læringsplakaten) heiter det:

«Godt og systematisk samarbeid mellom barnehage og barnetrinn, barnetrinn og ungdomstrinn, ungdomstrinnet og videregående opplæring skal bidra til å lette overgangen mellom de ulike trinnene i opplæringsløpet.»

*(Læreplan for kunnskapsløftet 2006)*

For barn og unge er skulen ein del av ein lang læringsprosess, som startar i barnehagen og endar med deltaking i yrkes- og samfunnsliv.

Målet for opplæringa er å utvide evnene hos barn, unge og vaksne til erkjenning og oppleving, til innleving, utfolding og deltaking.

### *Helsestasjon*

Veileder, 2003- Sosial og helsedirektoratet - *Kommunenes helsefremmende og forebyggende arbeid i helsestasjons- og skolehelsetjenesten.*

Helsestasjon og skolehelsetjenesta skal inngå i en heilskapleg tiltakskjede for barn mellom 0 og 20 år. Dei skal samarbeide med barnehagar, skular og SFO for å sikre barn eit godt og trygt oppvekstmiljø, ved å jobbe helsefremmande og førebyggjande. Dei har kontakt med alle barn og deira føresette på skulestartundersøkinga, og er opptatt av barna si fysiske og psykiske helse og samspel i familien.

I kommunen har vi og Barneverntenesta og Koordinerande eining som har oppfølging av barn med spesielle behov.

Det er naturleg å samarbeide med desse ved overgang mellom barnehage og skule.

### *Fra eldst til yngst. Samarbeid og sammenheng mellom barnehage og skole*

Kunnskapsdepartementet har utarbeida ein rettleiar «Fra eldst til yngst. Samarbeid og sammenheng mellom barnehage og skole» - Rettleiaren har som mål å styrke samanhengen mellom barnehage og skule og skape ein god overgang for barn når dei begynner på skulen. Det står mellom anna nemnt at:

- Barnehagetiden avsluttes på en god måte og skolen og skolefritidsordningen forbereder seg på å ta imot barnet.
- Barnet er kjent med skolen i god tid før første skoledag.
- Det er sammenheng og progresjon i læringsinnholdet i barnehage og skole.
- Foreldre godkjenner informasjonsoverføring fra barnehage til skole og har muligheter for aktiv medvirkning i denne.
- Lærere i barnehage og skole har felles møteplasser for forventningsavklaringer, kompetanseutvikling og felles planlegging.
- Kommunene initierer, planlegger, kontrollerer og følger opp samarbeidstiltak gjennom overordnede planer. Planene bør inkludere både kommunale og private barnehager og skoler.
- Barnehage- og skoleeier har det overordnede ansvaret for å legge til rette for samarbeid.

## Målet med kommunal plan for overgang barnehage til skule

- Sikra samanheng og heilskap i læringsinnhaldet til barn, både fagleg og sosialt.
- Sikra at barn opplever overgangen mellom barnehage og skule som spanande, utviklande, trygg og prega av meistring.
- Sikra informasjonsflyt mellom tilsette og mellom tilsette og foreldra ved overgangen.
- Sikra gode møteplassar mellom tilsette for å få til kompetanse og kultur som støttar intensjonane ovanfor.


### Pedagogisk grunnsyn

Barnehagar og skular skal ha eit bevisst pedagogisk grunnsyn.

I vår rolle som oppdragarar er vårt menneskesyn påverka av moralske og religiøse verdier, tru, haldningar og meiningar. Det er difor viktig at vi samlast om eit sett av normer og verdier, eit pedagogisk grunnsyn, som alle skal jobbe etter.

”Med pedagogisk grunnsyn menes den virkelighetsoppfatning, de verdier og holdninger som ligger til grunn for pedagogisk virksomhet.” (Frode Søbstad)

I denne samanheng er det vårt ansvar å ta barna sitt perspektiv og leite etter ressursen i barnet for å vidareutvikle dette og syte for at dei vert møtt med positive forventningar. Den vaksne sitt møte med det einskilde barn er avgjerande for barnet sin læringsprosess. Barn skal kjenne seg sett og verdsett. Dei vaksne skal vera gode rollemodellar.



Alle barn har en gnist i seg. Alt vi trenger å gjøre er å tenne den.  
Roald Dahl

## Pedagogisk arbeid

### Vaksenrolla

I alle møter mellom barn og vaksne er den gode relasjonen avgjerande for korleis det enkelte barn har det.

Kvart enkelt barn skal bli møtt med respekt og anerkjenning.

Den vaksne skal leite etter det beste i alle og ha fokus på positiv åtferd.

Dei vaksne skal ta kvarandre i å vera gode. (Catch beeing good)

Det er viktig at dei vaksne ser heile mennesket og 24-timar-barnet.

Dette krev trygge og stabile vaksne som legg til rette for samarbeid og leik mellom barnehage og skule. Den vaksne skal vere eit godt forbilde og ein god rollemodell.

Alle barn får oppleve å vera med å bestemme over både planlagde og ikkje-planlagde aktivitetar i sin eigen kvardag.

Personalet skal arbeide med utviklinga av skulen og barnehagen som lærande organisasjonar gjennom kontinuerlige diskusjonar, refleksjonar og evalueringar av måla vi set og val vi tek.

Vi skal arbeide mot felles haldningar, og stå saman om felles slutningar, ha felles ansvar:

Vi vil utvikle felles arbeidsmåtar, men det skal være rom for mangfald og variasjon.

Vi arbeider for at skulen og barnehagen skal ha tydelege og inkluderande vaksne som set grenser og har felles ansvar for alle barn, der leiken står i sentrum.

### Samarbeid mellom tilsette

Leiinga skal sikre gode møteplassar mellom tilsette i barnehage og skule/SFO for å få kompetanse og kultur som støttar intensjonane ovanfor. God informasjonsflyt skal sikrast..


## Sosial utvikling

«Etter hvert som barn øker sin kompetanse blir de bedre i stand til å forstå og tilpasse seg sine omgivelser og dyktigere til å påvirke andre slik at de får dekket sosiale behov.» (Terje Ogden)


Sosial dugleik kan definerast som eit sett av ferdigheiter, kunnskap og haldningar som det er viktig å meistre ut frå mål vi skal arbeide etter.

I eit positivt, inkluderande miljø lærer barna å

- meistre ulike sosiale miljø
- etablere og halde ved like gode vennskap og relasjonar til barn og vaksne
- medverke til trivsel og utvikling i miljøet
- samspele med andre i ulike situasjonar
- inkludere
- meistre ulike lærings situasjonar i barnehage og skule, og opptre sjølvstendig
- rette seg etter reglar og normer



Empati held  
verda saman.



Ein venn kan  
aldri vera  
berre åleine  
Jente 5år



## Vennskap


Målet for oppvekstsentra er å utvikle sosialt kompetente barn, der dei lærer å vise omsorg og skape tryggleik for kvarandre i kvardagen.

Tryggleik er grunnlaget for meistring og utvikling.

Målet er at alle barna skal ha ein god venn.

Lære å løyse konflikhtar, og oppretthalde vennskap.

Barnehage/skule skal gje barna eit miljø som er prega av humor, glede, kreativitet og omtanke for fellesskapet. God omsorg styrker føresetnaden for å utvikle tru på seg sjølv samt å kunne bygge tillit og vennskap med andre.



Smilet – det viktigaste signalet på vennskap

## Godt språkmiljø og god språkutvikling

I overgangen mellom barnehage og skule, sikrar vi ein god kontinuitet i språkutvikling gjennom kartleggingar, plan for fleirspråklege, språk- og leseplan og plan for begrepsundervisning.

I overleveringa frå barnehage til skule er det viktig å informere om barnet si språkutvikling, om barnet si evne til å forstå og bruke språket.

Rammeplanen seier:

«At vaksne oppfatar og stadfester uttrykket til barnet og samtidig set ord på inntrykka og opplevingane, er avgjerande for korleis talespråket utviklar seg vidare. Språket er personleg og identitetsdannande og nært knytt til kjensler. Morsmålet er viktig for opplevinga av eigen identitet og meistring på mange område. Eit godt utvikla morsmål er ein grunnleggjande føresetnad for den vidare språklege utviklinga, også når det gjeld skriftspråk og leseforståing. Barnehagen må sørgje for at alle barn får varierte og positive erfaringar med å bruke språket som kommunikasjonsmiddel, som reiskap for tenking og som uttrykk for eigne tankar og kjensler. Alle barn må få eit rikt og variert språkmiljø i barnehagen. Nokre barn har sein språkutvikling eller andre språkproblem. Dei må få tidleg og god hjelp.»


## Overgang frå barnehage til skule

Føringar for å sikre gode overgangar i Hemsedal

- Barn skal oppleve at det dei kan og har erfart, blir brukt vidare for å sikra ei tilpassa opplæring og eit best mogleg læringsutbyte.
- Leiken sin plass i overgang mellom barnehage og skule skal vera tydeleg.
- Det skal vera innhenta samtykkje frå dei føresette om overføring av informasjon frå barnehage til skule i forkant av overføringsmøte.
- Rektor inviterer til foreldremøte/SFO ved overgangen.
- Leiinga har ansvar for at personalet er kjent med og nyttar årshjulet for overgang.

## Samanheng

Barn og føresette skal oppleve ein trygg og god skulestart, inkludert ein god start i skulefritidsordninga.



Eg er god på det eg gjer.

### Informasjon

Tilsette skal overføre informasjon til beste for barnet, i samarbeid med, og etter løyve frå, foreldra. Viktig kartlegging skal formidlast til skulen, om foreldra godkjenner dette.

Tilsette må overføre informasjon om planar og innhald for å sikra kontinuiteten og progresjonen.

Barnet skal medverke i informasjonsoverføringa gjennom barnesamtale.

Foreldra skal medverke i informasjonsoverføringa kring barnet sitt saman med pedagogisk leiar.

### Møteplassar

Skulen og barnehagen skal arrangere foreldremøte om skulestart.

Pedagogiske leiarar og lærarane på første trinn skal ha årlege felles møte for å utvikla heilskap og samanheng.

Tilsette hospiterer i barnehage og skule kvart år.

Samarbeidspartar i tverrfagleg arbeid ved overgang barnehage og skule er helsestasjon, skulehelsetenesta og PPT.

## **Føringar for barn og unge med behov for spesialpedagogisk hjelp eller spesialundervisning**

Barn med behov for særskild tilrettelegging skal erfare ein trygg, planlagt og tilrettelagt overgang frå barnehagen til skulen.

Tilsette skal ha best mogleg informasjon om barnet, slik at opplæringa kan bli individuelt tilpassa. Foreldra skal delta i informasjonsoverleveringa.

Foreldre skal tidleg involverast for å drøfte tilbod, tilrettelegging og forventningar.

Det skal utvekslast tidleg og grundig informasjon til det beste for barnet/eleven, for å sikra ressursbehov og praktisk tilrettelegging.

Det tverretatlege samarbeidet skal sikra informasjonsflyt, kontinuitet og meistring kring eleven. IUP/pedagogisk rapport blir overført til skulen.

Barnet skal vera kjend med skulen før dei startar.

Har barnet ein spesialpedagog eller anna personale, bør det vurderast om vedkommande skal følgja med barnet over til ny arena til dømes i ein periode i oppstarten av skuleåret.

For barn med behov for særskild tilrettelegging, er det viktig at skulen som tek imot, vert involvert så tidleg som mogleg.

## **Barn som flytter til kommunen**

Barnehage og skule må vise særskilt omsyn til barn og familiar som flytter til kommunen i overgang mellom barnehage og skule. Det kan gjelde fosterheimsplasserte barn, familie med barn som flytter til kommunen i slutten av barnehagetida eller ved skulestart.



Opstartssamtale med foreldre/føresette er viktig. Den kan avdekke at informasjon frå tidlegare barnehage vert henta inn. Desse barna/familiane treng ekstra oppfølging då dei ikkje har teke del i den planlagte overgangen. Helsestasjonen kallar inn nye barn som kjem til kommunen.

## Fleispråklege

Barn med behov for særskild språkoppføring (etter Opplæringsloven § 2-8) skal forstå kva som skjer rundt overgangen og oppleve forståing, samheng og progresjon. Det same gjeld foreldra deira.

Foreldre får utlevert informasjon om overgangen mellom barnehage og skule på sitt morsmål der det er naudsynt og mogeleg. Barnehage og skule nyttar tolk for å sikre informasjonsoverlevering.

Barnehagen skal gje grundig informasjon til skulen om den fleispråklege kompetansen til barnet, for å sikre ressursar og språkleg tilrettelegging som skal gje meistring. Foreldra skal få informasjon. Tolk skal brukast ved behov i møter med barn og foreldre.

Barnehagen skal fylgje opp kartleggingar og vidareføre dei til skulen.

## Utsett og tidlegare skulestart

### § 2-1. Rett og plikt til grunnskoleopplæring

«(...) Grunnskoleopplæringa skal til vanleg ta til det kalenderåret barnet fyller 6 år. Dersom det etter sakkunnig vurdering er tvil om barnet er komme tilstrekkeleg langt i utviklinga si til å starte i skolen, har barnet rett til å utsetje skulestarten eitt år dersom foreldra krev det. Etter sakkunnig vurdering og med skriftleg samtykke frå foreldra kan kommunen i særlege tilfelle vedta å utsetje skulestarten eitt år. Dersom foreldra søker om det eller samtykkjer, kan kommunen etter sakkunnig vurdering la eit barn ta til på skolen eitt år før når det innan 1. april har fylt 5 år.»

Det er viktig å vera merksam på at skulen skal tilpasse opplæringa til dei behova som eleven har.

Ved ønske om utsett eller tidlegare skulestart, er det utarbeida ein felles saksgang mellom kommunane og PPT nedre Hallingdal IKS.

1. Det er foreldre som søker om tidlegare / utsett skulestart til skuleeigar (kommunen). Frist for dette er seinast 1. desember.
2. Skuleeigar ber PPT om sakkunnig uttale (tilmelding).
3. PPT gjennomfører utredning og skriv ei sakkyndig vurdering til skuleeigar (kopi til foreldre).
4. Skuleeigar fattar vedtak (kopi til PPT og barnehage).
5. PPT avsluttar saka.

## Overordna årskalender Overgang barnehage - skule

Tidspunkt	Tiltak	Ansvar
August	SFO og barnehage samarbeider Skule og barnehage samarbeider	Styrrar Rektor
September	Samarbeidsmøte mellom barnehage og skule for neste års 1. trinn. Utvexling av planar, arbeidsformer og forventningar til tilbodet til 5-åringane. Rektor er med. Etablere samarbeid førskule-skule	Styrrar
Oktober	Foreldremøte for dei som har barn som skal byrje på skulen neste haust – om forventningar, innhald og opplegg for det siste barnehageåret og samarbeid med skulen.  Førskule for skulestartarane.	Styrrar
November	Innskriving	
Desember	Samarbeidsmøte mellom barnehage og skule i forhold til skulestartarar med særskilte behov.	Styrrar
Januar	Møte for å drøfte barn som kan trenge spesiell oppfølging det siste halvåret før skulestart. Gjeld barn som ikkje er meldt opp. Samarbeid med skulehelsetenesta.	Styrrar saman med skulehelsetenesta og helsestasjon
Februar	Fysisk aktivitet samarbeid barnehage og skule startar opp.	1.trinn-lærar
Mars	Overføringsmøte mellom barnehage og foreldre startar	Ped.leiar
April		
Mai	Informasjonsmøte med nye foreldre om skulen, SFO og andre hjelpeinstansar. Representantar frå PPT, helsestasjon og barnevern bør delta, om nødvendig tolk. Overføringsmøte med kontaktlærarane på 1. årstrinn  Innskriving av nye fyrsteklassingar på rektor sitt kontor	Rektor  Rektor Kontaktlærar bør vera med.
Juni		
Juli		
August	Vurdere foreldresamtale med kontaktlærar på 1. trinn	Kontaktlærar

## Vedlegg

- Detaljert årskalender
- Overførings- og samtykkeskjema
- Språk- og leseplan
- Plan for begrepsundervisning
- Plan for grunnleggjande norskopplæring for fleirspråklege
- Informasjonsfaldar på ulike språk

Oversikt over kartleggingsverktøy barnehage og skule brukar:

- Tras
- Alle med
- By barnet opp til dans
- Askeladden
- Nya Sit
- 20 spørsmål
- Språk 6-16
- Dagleg norsk
- Kartlegging for fleirspråklege barn